



22 møtte til trening ikveld og her er 18 av dei

Allereie no kan ein slå fast at turngruppa har skikkeleg vind i segla på nyåret. Ikveld har 22 vore med og fått instruksjon med kettlebells og seinare i månaden kan deltakartalet i den store aktivitetshelga passera 100. Janne Hjelmeland, som tek imot innmeldingar på telefon 958 24652, kan oppplysa at det er påmeldt 43 mellom fyrste og tiande klasse og 40 vaksne. til aktivitetane neste helg.



Janne Hjelmeland, her med ein kettlebell på 12 kilo, har plass til fleire i aktivitetshelga

Men det er framleis plass til fleire frå åttande til tiande klasse og Janne kan lova eit mangfaldig og spennande program både ute og inne i Aktivitetshuset. Både kjente og mindre kjente aktivitetar vil gå føre seg og vi kan nemna zumba, bootcamp, danseleik og yoga som døme.

Det vert også utetrening og sentral både i denne og inne vert Geir Ove Foss frå kommunen. Han skal også halda føredrag.

Frå Sveio kjem 2 instruktørar som driv eit senter med namnet Albatross.

- Det skulle vera noko både for unge og eldre, seier Janne medan ho svettar ut etter kveldens økt som instruktør med kettlebells. Det har vorte eit populært hjelpemiddel for dei som skal trenast.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen